

OLAVSBU

Høgdemeter: Ca 1250 moh.

Lengd: ca 5,4 km

Tid: ca 2,5 t-3 timar ein veg.

Gradering: Krevjande og tung/ lang (eit par svært bratte parti)

Turskildring: Køyr Fylkesveg 572 frå Granvin oppover Espelandsdalen. Parker ved Liasete (på venstre side) rett før Espelandsvatnet, ved hyttfeltet, eller køyr eit lite stykke vidare (600 med bil på grusveg opp mot Olavstøl. Då passerer du ei grind og finn ein stor parkeringsplass der også informasjonstavla til Turlaget om Olsskavlen heng (snart).

Følg grusveg/bilveg til Olavstøl eller du kan gå den gamle stølsvegen som også er merka og skilta, men då må du gå litt nedover att og ta stølsvegen til høgre 150 m ovanfor grinda. Frå Olavstøl går turen vidare på fin og flat sti mot Intestølen på Olavstøl , før sela og her kryssar du bekken og tar straks bratt opp til venstre (skilt her) mot Stavaskard (ca. 2 km).Stien er lett å fylgje vidare der du går på høgre side av bekken heilt opp til Gunnarhaug som er den neste store flaten (ca 850 moh) No får du flott utsikt både utover vest og innover aust mot både Granvin og Ulvik. Stien fører vidare oppover og mot skaret du ser i himmelsynet, Stavaskaret mellom Strutsegg og Stavaskarsnuten.

Når du går gjennom skaret kjem du rett inn i Seldalen (1000 moh). Då har du Seldasnuten rett i synet. For å komme til Olavsbu skal du no ta av rett til høgre. Her står det både skilt og merkepinnar, og stien opp vidare er i tillegg varda med små steinar opp denne fjellryggen.

På toppen har vi lagt stien rett fram innover i dalen og kallar dette for Olav Saue dalen. Her er det mogeleg å gå rett opp varda veg venstre til Stavaskarsnuten. Då kjem du rett opp til Olavsbu, som kan vera litt vanskeleg å finna Vi vel å legge ruta nede i dalen. Det er flatt innover Olav Saue dalen. Etter dalen skal vi bratt opp et nytt skar og der går vi inn til venstre sær bratt opp, og du kjem til ein ny flate igjen – her ser vi rett opp på mønet til Olavsbu. Obs -det er bratt rett ned til høyre og vi kan sjå ned til stølen Nuten. Vi går sauestien rett fram og oppover vi kommer til Olavsbu nedanifrå. No kan du sjå steinhytta «Olavsbu». Her får du flott utsikt over Espelandsdalen, innover mot Ulvik og vestover mot Voss. Her kan du fortsette vidare i ca.4 km (utan sti, men raudmerka) til Olsskavlen.

Turkassa heng på ein fjellnabb rett bak/over bua.

Turtips: Gå vidare på raudmerka løype til Olsskavlen 1575moh, ca. 8 km totalt. Du kan velje å ned via Vestrebotn som eit alternativ og då kjem du ned i Nordrebotn og til slutt Botn før du er nede på Espelandsvegen.

GOD TUR!